

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Mona Vabø	FE-231, FA-A22	22/452

Saksnr	Utval	Type	Dato
095/22	Formannskapet	PS	22.11.2022
065/22	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Betalingssatsar SFO 2023

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Skulefritidsordninga (SFO) er eit ikkje-pedagogisk tilbod før og etter skuletid til born frå 1. til 4. klasse, og for born med spesielle behov frå 1. til 7. klasse. SFO skal leggja til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna, samt gje borna omsorg og tilsyn.

Skulefritidsordninga ved Fedje skule har ope i skuletida og i skuleferiane, men er stengt tre veker i sommarferien, noko som er vanleg i dei fleste kommunar. Det er ikkje eit lovkrav at SFO skal vera ope i skuleferiane.

SFO har ikkje fast opptak, og føresette kan søkje plass/melde endring av plass gjennom heile året. Ein betalar for tal dagar for veka ein har søkt om ved opptak. For SFO vert ein fakturert 11 månader i året. Det blir ikkje sendt ut faktura i juli månad. Det er i tillegg mogeleg å kjøpe plass for einskilddagar, dersom det er plass og det ikkje fører til behov for auka bemanning.

Utdanningsdirektoratet har fastsett tre moderasjonsordningar i SFO:

- Redusert foreldrebetaling grunna låg inntekt. Foreldrebetalinga per born skal utgjere maksimalt seks prosent av inntekta til hushaldninga .
- Gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5.-7.trinn
- 12 timar gratis SFO for elevar på 1.trinn. Ved skulefritidsordninga ved Fedje skule utgjer denne ordning tre gratis dagar per veke.

Fedje kommune har vedteke at det vert gjeve søskenmoderasjon på 30% for born nr 2 og 50% for born nr 3. Fedje kommune, ved rådmannen, kan ilegga gebyr når borna ikkje vert henta til avtalt tid. Gebyret vert lagt til for kvar påbyrja halvtime.

Der er varierende kor mange som nyttar skulefritidsordninga, og kva tilbod som vert valt av dei føresette. I 2021 vart SFO nytta 57 dagar pr. veke, og ved skulestart i 2022 var det tinga 40 dagar pr. veke. Vi ser dermed ein reduksjon i bruk av skulefritidsordninga dette skuleåret.

Vurdering

Den kommunale deflatoren er ein indeks som fangar opp lønns- og prisvekst for

kommunesektoren, som for 2023 er anslått til å vera 3,7 %. Prisane på SFO vert difor justert opp med 3,7 %, og runda av.

Folkehelse

Miljø

Økonomi: Inntektene vil variere etter kor mange som nyttar seg av tilbodet. Lønsutgifter til personalet vil variere etter storleiken på elevgruppa.

Konklusjon

Nye satsar for SFO vert med verknad frå 01.01.2023 slik:

	2021	2022	2023
1 dag	kr 530,00	kr 545,00	kr 565,00
2 dagar	kr 1 060,00	kr 1 090,00	kr 1 130,00
3 dagar	kr 1 590,00	kr 1 635,00	kr 1 695,00
4 dagar	kr 2 120,00	kr 2 180,00	kr 2 260,00
5 dagar	kr 2 650,00	kr 2 725,00	kr 2 825,00
kjøp ekstra dag	kr 210,00	kr 215,00	kr 220,00

Forslag til vedtak:

Nye satsar for SFO vert med verknad frå 01.01.2023 slik:

1 dag	kr. 565,00
2 dagar	kr. 1130,00
3 dagar	kr. 1695,00
4 dagar	kr. 2260,00
5 dagar	kr. 2825,00

Kjøp av ekstra dag kr. 220,00

Vedtektene for SFO vert justert i høve dei nye satsane.

Formannskapet - 095/22

F - behandling:

F - vedtak:

Nye satsar for SFO vert med verknad frå 01.01.2023 slik:

1 dag	kr. 565,00
2 dagar	kr. 1130,00
3 dagar	kr. 1695,00
4 dagar	kr. 2260,00
5 dagar	kr. 2825,00

Kjøp av ekstra dag kr. 220,00

Vedtektene for SFO vert justert i høve dei nye satsane.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 065/22

K - **behandling:**

K - **vedtak:**

Nye satsar for SFO vert med verknad frå 01.01.2023 slik:

1 dag	kr. 565,00
2 dagar	kr. 1130,00
3 dagar	kr. 1695,00
4 dagar	kr. 2260,00
5 dagar	kr. 2825,00

Kjøp av ekstra dag kr. 220,00

Vedtektene for SFO vert justert i høve dei nye satsane.
Samrøystes vedteke.